

OLAVSTØL

Høgde over havet : ca 735 m

Tid: Tid: ca 1- 1,5 time ein veg

Gradering: middels tung tur.

Lengd: ca 3 km

Vegskildring: Du køyrer frå Granvin mot Espeland (gamlevegen til Ulvik). Ta fyrste veg til venstre der FV 572 flatar ut (sørenden av Espelandsvatnet). Her kan du køyre ca. 300 m oppover vegen, og parkere bilen på venstre side av vegen (velteplass). Namnet på dette området er Orrejadlane. Eller du kan parkere heilt nede ved avkøyring frå Riksvegen, for å få ein litt lengre tur.

Følg skogsvegen oppover så langt du kjem og heilt til endes. Når vegen flatar ut er namnet på staden Storamyrr. Ved den siste svingen før du kjem til ei betongbru, ligg Erdalsleite (gamal slåttemark til Dale). Når du kjem til endes på denne skogsvegen går du til høgre forbi Dals-selet (bygd 1910). Her heng turkassa. Selet som ligg til venstre er Johannes Holven sitt.

Du kan og gå Gamle stølsvegen om du heller vil gå i skogen i staden for på vegen. Denne vegen er nymerka i år. Då då tek du av der skiltet står før du kjem til Orrejadlane. Du kjem ut lenger oppe på skogsvegen og føl denne heilt opp til du er på sjølve Olavstøl.

Her går du vidare på lett sti innover, det ligg eit sel nedi bakken til høgre som Lars Eirik Holven eig. Vidare innover kjem du til sel som tilhøyrer Håvard Trå. Mellom Dals-selet og Trå selet ligg Tuftene (tufter etter skred i 1868). På den tida var det 13 sel her. Du går stien vidare til to stølar som ligg lengst nordaust i Olavstølområdet. Desse stølshusa vert kalla **Instestølen**. Det fyrste selet du kjem til tilhøyrer Tore Holven og det andre Atle Holven.

Turtips 1: gå vidare frå Instestølen til du kjem til Nuten og vidare til Nordebotn. Herfrå går du ned til Botn og tilbake på Fylkesvegen til der bilen står parkert.

Turtips 2: Gå vidare oppover til Stavaskardsnuten og evt vidare heilt opp til Olsskavlen 1576 moh. Dette er ein lang, men flott dagstur i Granvin sine høgaste fjell.

GOD TUR!